

Hei!

No nærmar det seg at de kjem på besøk til oss på Nordfjord Folkemuseum, og det gler vi oss til!

Nokre viktige punkt å vite om:

- Elevane må vere kledde for å vere ute
- Elevar (og lærarar) må ha med niste sjølve
- Ein lærar må vere delaktig i siste del av opplegget, for å få aktivitetane til å fungere (dvs. vere til stades med gruppa i aktiviteten)

For å utnytte tida best mogleg er det fint om vi kan få ei tilbakemelding på omtrentleg når de kjem, og når de må reise tilbake.

Skisse for dagen

Vi samlar oss først i hovudbygget og snakkar om:

- * Kva er eit museum og kvifor treng vi dei?
- * Kva er ein tidskapsel og korleis ville elevane sine for 2018 sett ut?
- * Vi ser på gjenstandar frå deira heimområde
- * Korleis var det å bu i Nordfjord for 250 og 150 år sidan?
- * Nøkkelord: Resursutnytting før og no.

Omvising i husa på museet

Vi avsluttar dagen med aktivitetar som eplepressing, lage potetkaker, setje saman hus og kinne smør. Her vil vi dele klassa i to og gjennomføre to og to aktivitetar. Ein lærar vil då få ansvar for ein av aktivitetane.

Vi tek ein lenger matpause kring klokka 11, elles tilpassar vi med kortare pausar undervegs.

Etterarbeid:

- Samanlikn ressursbruken i dag med den for 150 og/eller 250 år sidan. Diskuter fordelar og ulemper. Likskapar og endring?
- Lag ein årstidskalendar over kva du kan hauste frå naturen gjennom eit heilt år. Korleis har hausting og forbruk endra seg dei siste 100 åra?
- Lag klassa sin eigen tidskapsel. Kva gjenstandar ville de putta i den og kvifor? Grunnkje avgjerdene og skildr korleis ein skal sørgje for å ta vare på gjenstandane. Om de gjer denne oppgåva blir vi glade for om de dokumenterer arbeidet og deler det med oss!

Dersom de har spørsmål kan de sende ein e-post til: eva.marie.felde@misf.museum.no eller ringe formidlar Eva Marie Felde på 995 48 828